

Fylkesrådmannen

Arkivsak 200603336-6
Arkivnr. 044
Saksh. Heggøy, Brit Mari

Saksgang	Møtedato
Fylkesutvalet	26.10.2006

PRAKTISERING AV OFFENTLEGLOVA - FORSLAG I FYLKESTINGET

SAMANDRAG

I ein interpellasjon i fylkestinget i juni tok representanten Harald Hove opp spørsmålet om offentlegheit og tilsette sin ytringsfridom. I samband med interpellasjonen vart følgjande forslag vedteke oversendt fylkesrådmannen:

”Fylkestinget ber om at det forelegges en sak om praktisering av offentlighetsloven og om å starte anvendelse av ny lov. Dessuten ber fylkestinget om en sak knyttet til ulike spørsmål vedrørende ansattes ytringsfrihet.

Fylkesutvalget får fullmakt til å oppnevne en komite som ledd i forberedelsen av saken.”

Fylkesrådmannen gir i denne saka ei orientering om korleis administrasjonen vil retta seg etter ny offentleglov og korleis ein vil følgja opp forslag til endringar i arbeidsmiljølova om varsling.

FORSLAG TIL VEDTAK

Fylkesutvalet tek saka til orientering.

Paul M. Nilsen

Brit Mari Heggøy

FYLKESRÅDMANNEN, 29.09.2006:

I samband med interpellasjonen til fylkestinget i juni 2006 sette representanten **Harald Hove** fram slikt oversendingsforslag:

”Fylkestinget ber om at det forelegges en sak om praktisering av offentlighetsloven og om å starte anvendelse av ny lov. Dessuten ber fylkestinget om en sak knyttet til ulike spørsmål vedrørende ansattes ytringsfrihet.

Fylkesutvalget får fullmakt til å oppnevne en komite som ledd i forberedelsen av saken.”

Forslaget vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen.

Praktisering av offentleglova

Ny offentleglov vart vedteken i mai 2006, og skal etter planen tre i kraft 1. juli 2007. Før lova trer i kraft skal departementet utarbeida forskrifter på fleire område, m.a. om elektronisk journal tilgjengeleg på Internett og kva organ som skal avgjera innsynskrav.

Så vidt fylkesrådmannen er kjend med er det få tilfelle i fylkeskommunen der det formelt vert klaga på avslag på krav om innsyn i dokument. Det kan ha si årsak i minst tre forhold

- at krav om innsyn stort sett vert i møtekomme
- at avslaget er så klart grunngjeve at den som vil ha innsyn ser at klage ikkje vil føra fram (t.d. på grunn av teieplikt)
- at innsyn er mindre interessant når det har gått ei tid.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vert meiroffentleggjering praktisert i fylkeskommunen og at det slik er det første punktet som er hovudårsaka til få klager.

Det har heller ikkje vore registrert noko utbreidd misnøye med korleis offentleglova har vore praktisert i fylkeskommunen. Det vert her vist til fylkesordføraren sitt svar på representanten Hove sin interpellasjon i fylkestinget i juni 2006.

I den nye offentleglova vert hovudreglane i stor grad vidareførte som i dag. Men endringane utvider retten til innsyn og omfattar fleire verksemder enn gjeldande lov. Den nye lova gir vidare ei utviding av kva slag informasjon det kan krevjast innsyn i og innsnevrar høvet til å gjera unntak frå innsyn. Endringane vil gjera det lettare for dei som ønskjer å bruka informasjon frå offentleg sektor i kommersiell og ikkje-komersiell verksemd. Særleg vil endringane ha noko å seia for t.d. selskap der det offentlege har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet eller der stat, fylkeskommune og kommune har rett til å velja meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet.

Frå det tidspunktet den nye offentleglova trer i kraft, vil fylkeskommunen retta seg etter lova på same måten som ein held seg til andre gjeldande lover og reglar. I tida fram til iverksetjing vil det verta vurdert kva endringar som eventuelt må gjerast for å møta krava i lova. M.a. vil det verta gitt intern opplæring i dei nye reglane i lov og forskrift, og alt i haust vil postjournalen verta tilgjengeleg på Internett.

Tilsette sin ytringsfridom

Her vil eg innleiingsvis presisera at ytringsfridomen for tilsette som er omhandla i denne saka, gjeld ytringar på eigne vegner og ikkje på vegner av fylkeskommunen.

Interpellasjonen frå representanten Hove i fylkestinget i juni og ordskiftet som følgde kan tolkast som at det er tilsette i fylkeskommunen som ikkje tør å ytra seg i den offentlege debatten.

Fylkesrådmannen finn det vanskeleg å leggja opp til ny praksis på grunnlag av dette.

Fylkesrådmannen har gitt uttrykk for sitt syn på tilsette sin rett til å seia si mening offentleg, og dette er formidla til alle tilsette m.a. gjennom ”Hordalandsnytt” som har alle tilsette som adressat. I avisspalter har tilsette delteke aktivt i debattar m.a. om skulesektoren i fylkeskommunen. Dersom det

er slik at tilsette ikkje vågar å ytra seg, er det vanskeleg å sjå det som eit utslag av frykt for reprimande frå leiinga. Men motargument må ein vera budd på å få dersom ein deltek i debatten .

Ytringsfridomen er grunnlovsfesta og gjeld også for tilsette. Avgrensingar i ytringsfridomen for tilsette krev heimel i lov eller i dei ulovfesta reglane om lojalitetsplikt overfor arbeidsgjevar. Grensa mellom ytringsfridomen og lojalitetsplikta må trekkjast etter ei skjønsmessig heilskapsvurdering. Moment i vurderinga vil m.a. vera kva skade ytringa vil ha for arbeidsgjevar sine legitime interesser og kva interesse ytringa har for ålmenta. Det er også eit vesentleg moment om ytringa har eit forsvarleg grunnlag.

Fylkesrådmannen legg til grunn at tilsette har ytringsfridom på linje med andre borgarar og ser det lite føremålstenleg å setja opp detaljerte retningslinjer for når, korleis og om kva ein kan uttala seg på eigne vegner.

Varsling

Arbeidsmiljølova har i § 2-4 ein regel om varsling, men denne er ikkje sett i kraft.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet har lagt fram Ot.prp. nr. 84 (2005-2006) med forslag til endringar i arbeidsmiljølova med nærmare reglar om varsling og vern mot gjengjelding ved varsling. Reglane skal erstatta og supplera § 2-4. Det vert også føreslått ein regel om at arbeidsgjevar, dersom forholda tilseier det, skal utarbeida rutinar for intern varsling eller setja i verk andre tiltak som legg forholda til rette for intern varsling om kritikkverdige forhold i verksemda. Dette arbeidet skal gjerast i tilknyting til det systematiske helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet elles i verksemda.

Når lovforslaget er behandla vil fylkesrådmannen følgja opp dei reglane som vert vedtekne i samarbeid med HMS-tenesta i fylkeskommunen og dei tilsette sine organisasjonar.